



Statkraft
REN ENERGI

PROSJEKTRAPPORT MED KU

Søknad om konsesjon for Austdøla kraftverk (et O/U-prosjekt)

VEDLEGG 14:

**Rapport om næringsliv og
kommuneøkonomi**

Statkraft Energi AS

Konsekvensutgreiing for Austdøla
kraftverk og Viermyr kraftverk,
Ulvik.

Tema: Næringsliv og kommuneøkonomi



Utarbeidet av:



2012

Rapport

Oppdrag: Austdøla og Viermyr kraftverk

Emne: **KU og konsesjonssøknad**

Rapport: Næringsliv, sysselsetting og kommuneøkonomi

Oppdragsgjevar: Statkraft Energi AS

Dato:

Oppdrag- / Rapportnr. 122433 / 1

Tilgjenge Avgrensa

Utarbeid av: **Ingar Flatlandsmo** Fag/Fagområde: **Næringsliv, sysselsetting, kommuneøkonomi og helse**

Kontrollert av: Ansvarleg eining: **Energi**

Godkjent av: Emneord: **Austdøla, Viermyr kraftutbygging, KU**

05		Endelig utgåve	-			
04		Foreløpig utgåve til NVE	-			
03		Foreløpig rapport til RSE	-			
02		Foreløpig rapport etter endret tiltaksbeskrivelse	-			
01	140911	Foreløpig rapport				
Utg.	Dato	Tekst	Ant.sider	Utarb.av	Kontr.av	Godkj.av

Førord

Statkraft AS ynskjer å nytte delar av restvassføringa nedanfor takrennesystemet til Lang Sima kraftverk i Ulvik herad til vasskraftproduksjon. Bakgrunnen er at prosjektet er vurdert som økonomisk lønnsamt, og vil verka positivt på kraftforsyninga lokalt og nasjonalt. Utbygginga vil i tillegg vere positiv for lokalt næringsliv, også auke skatteinntektene til kommunen.

I høve til plan- og bygningslova kapittel VII-a og tilhørande forskrift av 1.4.2005, skal utbygging av vasskraftverk med årlig produksjon over 40 GWh alltid konsekvensutgreiast. Austdøla og Viermyr kraftverk vil etter føreliggande produksjonsberekningar få ein årsproduksjon på høvesvis 33 GWh og 6 GWh. Statkraft har likevel valt å foreta ei konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

Hensikta med ei slik konsekvensutgreiing er å sikre at konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn vert ivaretatt om utbygging vert gjennomført, og i vurderinga av ein eventuell konsesjonssøknad.

Denne rapporten greier ut mogelege ringverknadar for lokalt og regionalt næringsliv, sysselsetting, kommunal økonomi og helse.

Innhald

Forord.....	iv
1. Innleiing.....	7
2. Om utbyggingsplanane	7
2.1. Dam Austdølvatn	7
2.2. Viermyr kraftverk	8
2.3. Austdøla kraftverk.....	8
2.4. Nettilknytning	8
2.5. Tekniske data	8
2.6. Områdeskildring.....	9
3. Utreiingsprogram	9
4. Metode og datagrunnlag	10
4.1. Alternativ	10
4.2. Datainnsamling/datagrunnlag	10
4.3. Vurdering av verdier og konsekvensar.....	11
5. Skildring av området	12
5.1. Geografi.....	12
5.2. Innbyggartal	12
5.3. Næringsliv og sysselsetting	13
5.4. Kommuneøkonomi	13
6. Konsekvensvurderingar	14
6.1. Utvikling i 0-alternativet	14
6.2. Næringsliv og sysselsetting	14
6.2.1. Driftsfasen	16
6.2.2. Sum verknadar for næringsliv og sysselsetting.....	16
6.3. Kommunal økonomi.....	17
6.3.1. Eigedomsskatt	17
6.3.2. Naturressursskatt.....	20
6.3.3. Konsesjonskraft.....	22
6.3.4. Konsesjonsavgift	22
6.3.5. Sum kommuneinntekter	22
6.4. Samla konsekvensvurdering	22

Statkraft AS

Konsekvensutredning for Austdøla og Viermyr Kraftverk

Næringsliv og kommuneøkonomi

6.5.	Avbøtande tiltak.....	22
6.6.	Vidare undersøkingar.....	23

1. Innleiing

Austdøla og Viermyr kraftstasjonar med tiløyrande inntaksdam, anleggsvegar, tunnelar, massedeponi og så vidare vil liggje i Ulvik herad.

Iverksetjing av tiltaket vil gje så vel kortsiktige som langsiktige økonomiske konsekvensar for Ulvik herad og kommunane rundt. Denne utgreiinga vurderar, i tråd med NVE sitt utgreiingsprogram av 18.10.2011, tiltaket sine konsekvensar for kommunal økonomi og konsekvensar for lokalt næringsliv og sysselsetting.

Rapporten er utarbeidd av Multiconsult AS.

2. Om utbyggingsplanane

Statkraft Energi AS har planlagt å utnytte et samlet fall på 730 m mellom Austdølvatnet og kote 164 i elva Austdøla i Ulvik herad. Området er allerede regulert av oppsamlingssystemet til Lang Sima kraftverk med flere magasiner og overføringer. Tiltaket består av oppdemming og regulering av Austdølvatnet mellom kote 912 og 904, bygging av Viermyr kraftverk (2,0 MW) og bygging av Austdøla kraftverk (5 eller 11 MW). Sistnevnt presenteres med flere alternativer for stasjonsplassering og for rørgatetrase. Midlere årsproduksjon for det største alternativet vil være ca. 40 GWh og utbyggingskostnadene ca. 178 millioner kr. Dette gir en samlet utbyggingspris på ca. 4,39 kr/kWh.

Det er konsekvensutredet tre alternative utbygginger. Alle alternativene omfatter at Austdølvatnet reguleres og at både Viermyr og Austdøla kraftverk bygges. Forskjellen mellom alternativene består i lokalisering av kraftstasjonen for Austdøla kraftverk, dvs. øvre eller nedre plassering, og rørgatetrase, nærmere bestemt alternativ nord eller sør, dersom nedre stasjonsalternativ blir valgt. Alternativene er som følger:

- 1) Nedre stasjonsalternativ med rørgatetrasé nord (hovedalternativet)
- 2) Nedre stasjonsalternativ med rørgatetrasé sør
- 3) Øvre stasjonsalternativ

I det følgende er hver enkelt del av utbyggingen omtalt, herunder også et midtre stasjonsalternativ som ikke er fullt ut konsekvensutredet.

2.1. Dam Austdølvatn

Det planlegges å bygge en betong hvelvdam ved utløp av Nedre Austdølvatnet og demme opp dette vannet, Øvre Austdølvatnet og et mindre vann til kote 912 for å skape et nytt magasin på ca. 1,6 millioner m³. I tillegg skal det kanaliseres noen korte strekningen mellom disse tre innsjøene for å kunne senke magasin vannstanden til LRV 904, ca. 1 m over dagens vannstand i Nedre Austdølvatnet. Senkningsmagasinet skal bare benyttes om vinteren når vannet er islagt. For isfrie perioder skal magasinet aldri tappes under dagens vannstand i Austdølvatnet, dvs. kote 907.

2.2. Viermyr kraftverk

Viermyr kraftverk vil nytte fallet i fra Austdølvatnet på kote 912 og ned til ca. 100 m oppstrøms Viermyr bru på ca. kote 774. Vannvegen vil bestå av boret og utforet sjakt i fjell fra et veiløst inntak helt sydvest i reguleringsmagasinet. Stasjonsbygningen vil ligge i dagen ca. 100 m ovenfor dagens veibru og tilkoblingen blir til dagens 22 kV luftlinje via nedgravd kabel i adkomstveien.

2.3. Austdøla kraftverk

Nedre stasjonsalternativ for Austdøla kraftverk vil nytte fallet i fra en inntaksterskel rett nedenfor Viermyr på kote 757 og ned til kote 164 oppstrøms Røykjafossen. Vannvegen er planlagt i to alternativer, nordre og søndre. Begge har en kombinasjon av borede sjakter og nedgravde rørgater. En variant av dette alternativet, midtre stasjonsalternativ, vil ha kraftstasjonen plassert ca. 100 m lenger opp i Austdøla med ca. 5 m mindre fall (dvs. utløp på kote 169).

Øvre stasjonsalternativ for Austdøla kraftverk vil nytte fallet fra en inntaksterskel rett nedenfor Viermyr på kote 757 og ned til ca. kote 395 m, ca. 200 m oppstrøms dagens veitunnel. Vannvegen er planlagt med en kombinasjon av borede sjakter og nedgravde rørgater.

Alle de tre stasjonsalternativene vil ha kraftstasjonen i dagen og benytter Pelton turbiner. Alle vil bli tilkoblet dagens 22 kV luftlinje som går gjennom Austdalen.

Tabell 1. Nøkkeltall for hovedalternativet

	Nedre Austdøla	Midtre	Øvre	Viermyr	Sum 1+4
Produksjon (GWh)	33,7	33,4	17,7	6,0	39,7
Turbinytelse (MW)	11,0	10,9	5,0	2,0	13,0
Utbyggingskostnad (mill kr)	147,7	146,3	105,0	30,4	178,1
Utbyggingskostnad (kr/kWh)	4,38	4,38	5,93	5,07	4,49

2.4. Nettilknytning

Dagens 22 kV linje oppover Austdalen fra Osa eies og driftes av Statkraft og må forsterkes med større tversnitt liner, men vil benytte dagens trase. Utbyggingen vil også medføre en ny transformator i Ulvik koblingsstasjon og forsterkning av dagens 22 kV linjen mellom Osa og Ulvik

2.5. Tekniske data

Tekniske data for de ulike kraftverkene er vist i tabellene nedenfor.

Tabell 2: Hoveddata for alle kraftverk og dam Austdølvatn. Damkostnader (Austdølvatnet) er inkludert for alle stasjonsalternativ i Austdøla (ikke Viermyr).

	Nedre Austdøla	Midtre	Øvre	Dam Austdølvatn	Viermyr
Undervann	164	169	392		774
Brutto fallhøyde (m)	593	588	365		138
Maks falltap(inkl utløp)	30	30	20		12

(m)					
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	2,2	2,2	1,7		1,7
Type og max. høyde inntaksdam	Betong 4-5 m	Som nedre	Som nedre	12 m høy betong hvelvdam	12 m høy betong hvelvdam
Kraftstasjon	I dagen	I dagen	I dagen		I dagen
Vannveg typer (antall m – sør alt)	Boret sjakt, GRP og duktil rør 2450 m lang	Som nedre 2400	Som nedre 1300		Boret sjakt stålforet 800 m lang
Rørdiam. inne (mm)	1100-800	Som nedre	900		900
Produksjon (GWh)	33,7	33,4	17,7		6,0
Turbintype/ytelse (MW)	Pelton : 11,0	10,9	5,0		Pelton: 2,0
Utbyggingskostnad (mill kr)	147,7	146,3	105,0	Inkludert	30,4
Utbyggingspris(kr/kWh)	4,38	4,38	5,93		5,07
	Nedre Austdøla	Midtre	Øvre	Dam Austdølvatn	Viermyr
HRV på inntak (kote)	757	757	757	HRV 912 / LRV 904	912/904
Undervann	164	169	392		774

Det er planlagt etablering av midlertidige brakkerigger på Viermyr og ved siden av Austdøla midtre kraftstasjon. Tiltaket inkluderer nye, korte permanente veier inn til hvert av stasjonsalternativene, mens dam Austdølvatn bygges veiløst ved hjelp av flåter og båt og enkelte helikopterløft. Dagens vei og tunnel/kulvert vil bli oppgradert for større lass og overskuddsmasser fra rørgategrøften, og sjaktboring vil bli brukt i veibygging. Det er ikke ventet at det blir overskuddsmasser, og det blir derfor ikke behov for permanent massetipp. Dagens asfaltvei forbi søndre ende av Austdølvatnet vil bli hevet noen meter for å være flomsikker og asfaltert på nytt.

Midlertidig adkomst etableres flere steder uansett endelig valg av rørgatetrase. Slike adkomster har karakter av skogsbil/fjellveier og vil bli fjernet og arrondert sammen med hele rørgatetraseen etter kraftverket settes i drift. Det vil ta mange år for vegetasjon å etablere seg, så rørgatetraseen på ca. 10 m bredde i snitt vil bli synlig i landskapet, selv om røret graves ned langs det meste av strekningen.

2.6. Områdeskildring

Austdøla er ein del av Osavassdraget i Ulvik herad i Hordaland kommune. Vassdraget ligg lengst inne i Osafjorden, og er regulert for kraftproduksjon i Lang Sima kraftverk. Statkraft ynskjer å greie ut konsekvensar ved ei eventuell utbygging av restfeltet nedanfor inntaka til Lang Sima kraftverk. Høgaste punkt i restfeltet ligg på 1050 meter over havet (moh), og vassdraget renn ut i havet.

3. Utgreiingsprogram

Utgreiingsprogrammet frå NVE, datert 18.10.2011, seier dette om dei tema som vert omfatta av denne rapporten:

Næringsliv og sysselsetting

Dagens situasjon når det gjelder næringsliv og sysselsetting i området skal beskrives kort.

Effekten av tiltaket på næringsliv og sysselsetting i området skal vurderes. Det skal gis en mest mulig konkret angivelse av behovet for vare-/tjenesteleveranser og arbeidskraft (antall årsverk) i anleggs- og driftsfasen.

Tjenestetilbud og kommunaløkonomi

Dagens tjenestetilbud og kommuneøkonomi skal beskrives kort.

Det skal gis en kort og mest mulig konkret omtale av tiltakets konsekvenser for den kommunale økonomien.

Det skal også vurderes om tiltaket vil medføre krav til privat og kommunal tjenesteyting og eventuelt til ny kommunal infrastruktur.

4. Metode og datagrunnlag

4.1. Alternativ

Denne utgreiinga studerar ei samla utbygging av Austdøla kraftverk og Viermyr kraftverk. Det ligg føre tre alternativ for Austdøla kraftverk

- 1) Nedre stasjonsalternativ med rørgatetrasé nord (hovedalternativet)
- 2) Nedre stasjonsalternativ med rørgatetrasé sør
- 3) Øvre stasjonsalternativ

Kostnadane for å bygge alternativ 1 og 2 er så langt antatt å vera like, og det er derfor ikkje skilt mellom desse to i rapporten. Rapporten omhandlar derfor:

- Alternativ 1: Viermyr og Austdøla nedre
- Alternativ 3: Viermyr og Austdøla øvre

4.2. Datainnsamling/datagrunnlag

Tabellen under oppsummerar dei viktigaste datakjeldene som ligg til grunn for denne utgreiinga.

Datagrunnlaget for utrekning av verknader for næringsliv og sysselsetting vert karakterisert som middels til godt. Datagrunnlaget for utrekning av verknader for kommuneøkonomien er rekna som godt til svært godt.

Tabell 3 Datakjelder

Kjelde	Datatype
Ulvik herad: • Årsrekneskap 2011 • Årsmelding 2010 • Kommuneplan	Økonomiske hovudtal og generell informasjon om kommunen

- Diverse informasjon om offentlig og privat verksemd i kommunen - Personleg kontakt med økonomisjef Asgeir Rognebakken	
Statistisk sentralbyrå (SSB)	Tall om kommunen
Kommunal- og regionaldepartementet	Utrekning av skatt og netto inntekstutjamning for kommunane, januar-desember 2011
- Industrikonsesjonslova - Vassdragskonsesjonslova - Skattelova m/eigedomsskattelova - Forskrift frå Finansdepartementet: "Vedtak om fastsettelse av rentesatser for beskatning av kraftforetak for inntektsåret 2009" og "konsesjonskraftprisen for 2009" (samt 2008 og fleire år tilbake) - Statsbudsjettet for 2011: Grunnrenteskattesats	Lover, forskrift og regelverk for skattlegging av vasskraftverk i kommunar
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Reglar for utrekning av konsesjonsavgifter og konsesjonskraft
- Fakta nr. 1 2004: Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft - KTV – Notat nr. 53/2001: Generell orientering om konsesjonskraft	
NordPool AS	Spotmarknadsprisar for kraft
Stakraft AS	Kostnadstal og annan informasjon om kraftverket
- Melding med forslag til utgreiingsprogram - Kontakt med prosjektansvarleg	
Utgreiingsgruppa i Multiconsult	Ulike prosjektvurderingar, annan informasjon og sidemannskontroll

For å gje høve til samanlikning er alle tal er så langt som råd presentert i 2012-kroner.

4.3.Vurdering av verdiar og konsekvensar

Denne konsekvensutgreiinga er basert på ei forenkla prosedyre eigna for samfunnsmessige vurderingar. Busetting, sysselsetting, næringsliv, tenestetilbod og kommuneøkonomi i Ulvik herad vert fyrst beskrive kort. Deretter fylgjer ei vurdering av prosjektet sine moglege verknader på desse størrelsane i anleggs- og driftsfasen. I den grad det fins fagleg belegg, vil verknadene verta gjeve i tall. Endeleg fylgjer ei kort utgreiing av tiltaket si innverknad på helse.

Dei ulike konsekvenskategoriane er illustrert ved "+" og "-". Vurderingar av konsekvensar er skjønsmessige, men det er tatt utgangspunkt i kriterietabellen under.

Symbol	Vurdering	Kriterium (ca.)
++++	Svært stor positiv konsekvens	> 10 % av dagens verdi
+++	Stor positiv konsekvens	+ 5-10 % av dagens verdi
++	Middels positiv konsekvens	+ 1– 5 % av dagens verdi
+	Liten positiv konsekvens	+ 0,5-1 % av dagens verdi
0	Ubetydeleg / ingen konsekvens	-0,5 / +0,5 % av dagens verdi
-	Liten negativ konsekvens	- 0,5-1 % av dagens verdi
--	Middels negativ konsekvens	- 1–5 % av dagens verdi
---	Stor negativ konsekvens	- 5-10 % av dagens verdi

----	Svært stor negativ konsekvens	< -10 % av dagens verdi
------	-------------------------------	-------------------------

Endeleg vert konsekvensane for kvar av dei aktuelle fagområda oppsummert samla i eit skjema der konsekvensomfang og -vurdering av prosjektet går fram.

5. Skildring av området

5.1. Geografi


Ulvik herad ligg i Hardanger, Hordaland og har eit samla landareal på 671 km². Kommunen grensar i nord til Voss og Aurland, i aust til Hol (Buskerud), i sør til Eidfjord, i sørvest til Ullensvang og i vest til Granvin.

Bygda ligg omkring Osafjorden og Ulvikfjorden, begge fjordarmar til Hardangerfjorden.

5.2. Innbyggartal

Kommunen hadde per 1. januar 2012 1112 innbyggjarar, ein nedgang på 6 personar siste år. SSB sine framskrivingar viser ein forventa nedgang i folketal til 1043 i 2030¹ (sjå figur 1). Dette er ei forventa utvikling som heradet deler med store delar av Hardangerregionen.

Figur 1 Folketalsutvikling frå 1980 til 2012, og folketalsprognose for 2013-2030. Tal frå SSB.



Brakanes er kommunesenter, med rundt 654² innbyggjarar i sentrum.

Tabell 4 Innbyggjarar fordelt på aldersgrupper

	Ulvik	Hordaland	Noreg
Befolkning totalt	1 112	491 600	4 984 949
> 6 år	5,2 %	7,8 %	7,5 %

¹http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSel.asp&SubjectCode=02

² <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/befteft/tab-2011-06-17-01.html>

6 - 15 år	11,9 %	12,7 %	12,4 %
16 – 67 år	63,9 %	67,7 %	68,0 %
< 68 år	19,5 %	11,7 %	12,1 %

Som det går fram av tabell 3 har Ulvik herad eldre innbyggjarar enn landssnittet.

5.3. Næringsliv og sysselsetting

Som ein konsekvens av tidlegare kraftutbyggingar, inkludert Eidfjord-Nord, disponerer kommunen eit næringsfond på over fem millionar kroner i følgje kommunen sin Sektorplan for arbeidsplassar og næringsutvikling (2010-2014)³. Strategien legg sterk vekt på vidare utvikling av reiselivet.

I følgje informasjon frå Ulvik herad⁴ fins det i tillegg til handels- og turistrelatert aktivitet rundt 15 mindre handtverkar- og entreprenørverksemder i kommunen. Hardangerbrua, som vil gje ferjefri kommunikasjon med Eidfjord er eit stort og pågåande byggearbeid i Ulvik. Brua er planlagt ferdigstilt i 2013.

Tabell 5 Sysselsettingsdata fordelt på næringar

	Ulvik	Hordaland	Noreg
Arbeidsløyse (2011)	2,9%	2,4%	2,7%
Sysselsette totalt	553	251 110	2 517 000
Primærnæringer	12 %	2 %	3 %
Sekundærnæringer	29 %	42 %	40 %
Tertiærnæringer og offentleg	59 %	56 %	57 %

Som det går fram av tabell 4 har jordbruks og turistbygda Ulvik har langt færre tilsette i sekundærnæringer enn landet elles.

5.4. Kommuneøkonomi

I heradet si årsmelding frå 2010⁵ (siste vedtekne) slår rådmannen fast at Ulvik herad har inntekter som ligg over landsgjennomsnittet. Inntektssida vart ytterlegare styrka av småkommunetillegget som fyrste gong vart gjeve i 2010.

Ulvik hadde skatteinngang frå inntekts-, formue- og naturressursskatt på 26 652 kroner per innbyggjar i 2011⁶. Dette utgjer 117,1 % av landsgjennomsnittet, og resulterte i ei netto inntektsutjamning på -2 673 kroner per innbyggjar. Den høge skatteinngangen skuldast i stor grad naturressursskatt frå eksisterande kraftverk i kommunen.

³ <http://www.ulvik.kommune.no/filnedlasting.aspx?FilId=373&ct=.pdf>

⁴ "Verksemder i Ulvik" under Ulvik herad sine internettsider

⁵ http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_ulvik/wfdocument.aspx?journalpostid=2012000905&dokid=58092&versjon=1&variant=P&ct=RA-PDF

⁶ Løpende inntektsutjevning, Kommunal- og regionaldepartementet:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/kommuneokonomi/inntektssystemet-/lopende-inntektsutjevning.html?id=548672>

Tabell 6 Kommuneøkonomiske nøkkeltal 2011 for Ulvik⁷

		Ulvik	Hordaland	Noreg
Frie inntekter	/innbygger	63 397	42 214	43 431
Brutto driftsutgifter	/innbygger	104 658	60 924	63 249
Netto lånegjeld	/innbygger	10 272	34 098	33 973
Konsesjonskraftinntekter	% av brutto driftsinntekt	10,2%	0,3%	0,3%

Det relativt høge inntektsnivået og kommunen sitt låge innbyggartal gjev seg utslag i relativt høge utgifter knytt til det kommunale tenestetilbodet, som går fram av tabell 5.

Tabell 7 Netto driftsutgifter for kommunalt tenestetilbod per innbygger (i kroner), 2011⁸.

	Ulvik	Hordaland	Noreg
Barnehagar (per innbygger 1-5 år)	124 873	109 564	108 696
Grunnskule (per innbygger 6-15 år)	144 618	91 362	93 367
Kommunehelsetenesta	3 794	1 849	1 940
Pleie- og omsorgstenesta	22 415	14 455	14 056
Administrasjon og styring	13 225	3 324	3 933

I korte trekk kan ein seia at medan Ulvik har høge frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter), har kommunen samstundes høgare brutto driftsutgifter per innbygger enn gjennomsnittet både for Hordaland fylke og landet elles. Kommunen mottek også ein ikkje ubetydeleg kontantstraum frå eksisterande kraftverk i form av konsesjonskraft og -avgifter.

6. Konsekvensvurderingar

6.1. Utvikling i 0-alternativet

Ulvik herad har ein god kommuneøkonomi. Skiftande regjeringar vil kunne endre storleiken på statlege overføringar, men som ein betydeleg kraftkommune og med gunstige rammeoverføringar har Ulvik relativt låg risiko for større inntektsreduksjonar.

SSB sine prognosar viser nedgang i folketallet fram til 2030. Dette skuldast i stor grad den relativt høge gjennomsnittsalderen i kommunen. Sjølv om kommunen stasar sterkt på næringsutvikling, spesielt turisme, er det truleg at heradet også i framtida vil vera den største arbeidsgjevaren i kommunen.

6.2. Næringsliv og sysselsetting

Anleggsfasen

Etter SSB sin bygge- og anleggsstatistikk for 2010⁹ var omsetninga i bransjen NOK 315 milliardar, med rundt 193 145 tilsette. Dette gjev ei omsetjing per sysselsett på rundt NOK 1,63 millionar. Konsulenten

⁷ Tall frå SSB (Kostra)

⁸ Tall frå SSB (Kostra)

antek, basert på eiga erfaring, at kostnadsauken frå 2010 til 2012 har vore rundt 6%, som vil gje ei omsetting per tilsett på 1,73 millionar kroner.

Under ei utbygging av denne størrelsen vil entreprenøren ha eigen arbeidsstokk, men normalt også tilsette lokal arbeidskraft midlertidig for prosjektet. Stordelen av dei lokale og regionale leveransane til prosjektet vil erfaringsmessig komme innanfor bygg- og anleggsverksemd i samband med overføringsanlegg, vassvegar, kraftstasjonar, vegar, planering og tunnelar. Lokalt vil det difor kunne være behov for betongblanderi, graving, kjøring, snikkararbeid og sprenging med meir.

Konsulenten har motteke utbyggingskostnadar i 2010-kroner frå utbygger, oppdatert desse til 2012-tal med ein antatt prisauke på 6%. Utbygger tek høgde for at utforutsette utgifter tilsvarande 12 prosent av forventa byggekostnad. Desse er fordelt jamt til dei ulike postane. Resultatet av denne utrekninga vert lagt til grunn i det vidare arbeidet.

I tillegg til dei direkte utbyggingskostnadane vil kraftverka også svara anleggsbidrag til Statnett for utbygginga. Utbetringane i kraftnettet som desse kostnadane skal finansiera vil truleg gje auka etterspurnad etter varer og tenester lokalt, men grunna stor uvisse er ikkje desse effektane estimert.

Tabell 6 og 7 visar desse kostnadane, og kva del av desse konsulenten basert på lang erfaring ventar vil vera basert på lokal arbeidskraft for kvart alternativ.

Tabell 8 Lokal del av verdiskapinga ved alternativ 1

	Total entreprisekostnad*	Lokal del	Lokal omsetting*	Lokale årsverk
Inntak og dammar	19,5	10 %	2,0	1,1
Vassveg (tunnelar)	42,5	5 %	2,1	1,2
Kraftstasjon, bygg	11,8	40 %	4,7	2,7
Kraftstasjon, maskin/elektro	46,7	3 %	1,4	0,8
Kraftline	1,8	5 %	0,1	0,1
Transportanlegg¹⁰	0,0	40 %	0,0	0,0
Diverse tiltak (tersklar og liknande)	3,6	60 %	2,1	1,2
Totalt	125,9		12,4	7,2

*1 millionar kroner

Tabell 9 Lokal del av verdiskapinga ved alternativ 2

	Total entreprisekostnad*	Lokal del	Lokal omsetting*	Lokale årsverk
--	-----------------------------	--------------	---------------------	----------------

⁹ <http://www.ssb.no/emner/10/09/stbyggnal/>

¹⁰ Anlegget vil nytta eksisterande veg til Eidfjord Nord-anlegga

Inntak og dammar	19,3	10 %	1,9	1,1
Vassveg (tunnelar)	21,0	5 %	1,0	0,6
Kraftstasjon, bygg	9,6	40 %	3,8	2,2
Kraftstasjon, maskin/elektro	24,2	3 %	0,7	0,4
Kraftline	2,9	5 %	0,1	0,1
Transportanlegg ¹¹	0,0	40 %	0,0	0,0
Diverse tiltak (tersklar og liknande)	0,0	60 %	0,0	0,0
Totalt	77,0		7,7	4,4

*I millionar kroner

Konsulenten har ikkje grunnlag for å seie om desse årsverka vil verta rekruttert lokalt i kommunen, eller komma frå Vossa- og Hardangerregionen elles. Dette vil i stor grad vera avhengig av ledig kapasitet i kommunen. Ulvik har arbeidsløyse over lands- og fylkessnittet, og ei rekkje mindre bedrifter innan bygg og anlegg som vil kunne ta oppdrag. Samstundes er delen av tilsette i sekundærnæringar relativt låg.

Utbygginga vil også kunne gje indirekte sysselsettingseffektar gjennom auka etterspørsel innanfor varehandel, hotell og restaurant i kommunen. Det er vanskeleg å anslå kor stor denne indirekte effekten kan vere.

6.2.1. Driftsfasen

Eventuelle effektar i driftsfasen kan tenkjast å vere tilsetjingar knytt til vedlikehaldsarbeid eller inntekter knytt til kjøp av fallrettar.

Det vil truleg ikkje vere behov for nytt personell, då det er etablert driftsorganisasjon knytt til eksisterande kraftverk i området. Sjølv om utbyggar tidlegare har erverva alle fallrettar i Austdøla kan det ventast inntekter til grunneigarar i samband med erverv av grunn, som igjen vil generera skatteinntekter til kommunen. Det er knytt for stor uvisse til størrelsen på denne summen til at den let seg estimera.

6.2.2. Sum verknadar for næringsliv og sysselsetting

Ulvik herad har totalt rundt 160 personar tilsett i sekundærnæringane. Om alternativ 1 vert valt, og alle dei 7,2 lokale årsverka tilfell Ulvik kommune vil dette gi eit sysselsetjingsbidrag på rundt 4,8 årsverk per år i anleggsfasen, som tilsvarar rundt tre prosent av dei tilsette i sekundærnæringane (2010-tal). For bygg- og anleggsbransjen vil tiltaket difor kunne gje eit bidrag til å oppretthalde sysselsettinga etter ferdigstilling av Hardangerbrua. Konsekvensen for næringsliv og sysselsetting vert karakterisert som **liten positiv (+) i anleggsfasen**.

¹¹ Anlegget vil nytta eksisterande veg til Eidfjord Nord-anlegga

I driftsfasen vil det ikkje bli verknader for kommunen sitt næringsliv, og konsekvensane vert dermed klassifisert **ubetydeleg (0)**.

6.3. Kommunal økonomi

Eit vasskraftprosjekt kan i prinsippet påverka kommunen sin økonomi på fylgjande måtar:

1. Direkte skatte- og avgiftsinntekter til kommunane, samt tildelt konsesjonskraft.
2. Indirekte skatteinntekter frå prosjekta gjennom ringverknader i lokalsamfunnet.
3. Eventuelle negative verknader på kommuneøkonomien som fylgje av konsekvensar for andre næringar som landbruk, reiseliv osb.
4. Endringar i statlige overføringar til kommunen som fylgje av det endra inntektsgrunnlaget (inntektsutjamninga).
5. Kommunen sin eventuelle del av kraftverksprofitten som medeigarar av kraftselskapet.

Austdøla- og Viermyrutbygginga vil i anleggsperioden gje Ulvik herad direkte skatteinntekter i form av eigedomsskatt.

I driftsperioden vil kommunen få direkte skatteinntekter i form av:

- Alternativ 1: naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt, samt inntekter av konsesjonskraft.
- Alternativ 2: eigedomsskatt.

Indirekte skatteinntekter frå sysselsetting og næringsliv vil vera små for begge alternativ, og er ikkje anslått verken for anleggs- eller driftsfasen.

6.3.1. Eigedomsskatt

Ulvik herad skriv ut eigedomsskatt etter høgaste takst for verk og bruk, som for tida er 7 promille¹².

Anleggsperioden

Skattelova sin § 18-5 nr. 6 seier at det i anleggsperioden berre kan skrivast ut eigedomsskatt på den kapitalen som var investert i fysiske driftsmiddel ved utgangen av likningsåret. I meldinga frå utbyggar heiter det at utbygginga vil kunne gjerast over 18 månader. Dette er lagt til grunn i det vidare arbeidet.

Konsulenten har som sagt over motteke utbyggingskostnadar i 2010-kroner frå utbyggar, oppdatert desse til 2012-tal ved hjelp av konsulenten sine egne erfaringstal¹³. Kostnadane inkluderar eit 12% påslag for uventa utgifter som er utrekna av utbyggar, medan administrasjonskostnadene er teke ut. I det vidare er fylgjande investering i fysiske driftsmiddel lagt til grunn for dei to alternativa:

Tabell 10 Investering i fysiske driftsmiddel (alle tal i millionar)

Investering i fysiske driftsmiddel (2010-prisar)	Investering i fysiske driftsmiddel (2012-prisar)
---	---

¹² Personleg kontakt med økonomisjef Asgeir Rognebakke.

¹³ Total estimert kostnadsauke for vasskraftverk frå 2010-2012: 6 prosent

Alternativ 1	123,9	125,9
Alternativ 2	73,4	77

Om ein antek at arbeidet startar i juli gjev dette fylgjande kumulative grunnlag for eigedomsskatt for begge alternativa i byggefasen og fyrste driftsår:

Tabell 11. Eigedomsskatt i anleggsperioden

	Byggeår 1 (6 månader)	Byggeår 2	Driftsår 1
Del av investering per 31.12.	33,3%	100%	100%
Alternativ 1	0	290 829	881 300
Alternativ 2	0	177 870	539 000

Alle tal i kroner

Driftsperioden

Det skal svarast eigedomsskatt gjennom heile driftsperioden. Korleis denne skal reknast ut avheng av storleiken på kraftverket (generatorane si samla påstempla merkeyting):

- Under 10 000 kVa (små kraftverk): Skattemessig verdi per 1. januar i likningsåret.
- Over 10 000 kVa (store kraftverk): Utrekna framtidige inntekter og kostnader etter Skattelova av 1999.

Under følgjer utrekningar av eigedomsskatt for Viermyr kraftverk under alternativ 1 og 2, Austdøla øvre og nedre alternativ, og endeleg ei oppstilling av årleg eigedomsskatt i driftsperioden for alternativ 1 og 2.

Viermyr kraftverk

Viermyr kraftverk er planlagt med ein installert effekt på 1.8 MW, som gjev ei merkeyting under 10 000 kVa. Det skal difor svarast eigedomsskatt av kraftverket sin skattemessige verdi per 1. januar i likningsåret, tilsvarar investering i fysisk produksjonskapital. Denne verdien skal reviderast kvart 10. år. Denne utgreiinga ser bort frå desse verdijusteringane. Dei direkte utbyggingskostnadane for Viermyr kraftverk er anslått til 27,8 millionar kroner.

Den planlagde hvelvdammen ved Austdølavatn vil tene begge kraftverk, og Viermyr kraftverk vil måtte svare eigedomsskatt for sin del av hvelvdammen ved Austdølavatn. Den totale damkostnaden på 9,2 millionar kroner vert fordelt til kraftverka etter produksjon, og vil difor vera ulik for Viermyr under alternativ 1 og 2. I tabell 10 vert Viermyr sin del av totalkostnaden ved dammen rekna ut for kvart alternativ.

Tabell 12 Viermyr kraftverk sin del av verdigrunnlaget av hvelvdammen ved Austdølavatn

	Viermyr sin del av produksjonen	Kostnad - hvelvedam	Verdigrunnlag hvelvedam (Viermyr)
Alternativ 1	15,8%	9 200 000	1 453 600
Alternativ 2	26%	9 200 000	2 392 000

Alle tal i kroner

Basert på utrekningane i tabell 10 gjev tabell 11 det totale verdigrunnlaget som Viermyr kraftverk skal svara eigedomsskatt for i driftsfasen, samt forventa eigedomsskatt for kvart alternativ.

Tabell 13 Eigedomsskatt i driftsfasen for Viermyr kraftverk

	Totalt verdigrunnlag	Forventa eigedomsskatt
Alternativ 1	29 253 600	205 100
Alternativ 2	30 192 000	211 400

Alle tal i kroner

Austdøla nedre

Nedre alternativ for Austdøla kraftverk vil ha merkeyting over 10 000 kVa. Lov om skatt og formue av inntekt (Skattelova, 1999) gjev hovudreglane for korleis slike store kraftanlegg skal verdsettast i driftsfasen. I tillegg utgjev Finansdepartementet forskrifter med nærare reglar for gjennomføring av takseringa. Til saman gjev dette omfattande regelverket ein presis metodikk for likningsfastsetting og faktisk likning av eksisterande kraftverk. Denne utgreiinga nyttar ein forenkla metode for utrekning av framtidig mogeleg likningsverdi av kraftverka.

Lov om eigedomsskatt til kommunane (1975) (Eigedomsskattelova) set tak på grunnlaget for eigedomsskatten under driftsperioden gjeldande for kraftverk med påstempla merkeyting over 10.000 kVA. Frå 2013 er taket sett til NOK 2,71/kWh. Olje- og energidepartementet har kunngjort at 80 prosent av kraftverka dette er relevant for, har maksimalsatsen. Konsulenten har i alle liknande utgreiingar komme fram til at høgste sats vert gjeldande. Det vert difor antatt at maksimumssatsen gjeld også for Austdøla nedre alternativ, utan at det spesifikt er utrekna.

Austdøla nedre er venta å ha ein midlare årsproduksjon på 32,9 GWh. Maksimalt verdigrunnlag for eigedomsskatten vert dermed $32,9 \text{ mill. kWh} \times 2,71 = 70\,265\,000$ kroner.

Tabell 14 Eigedomsskatt i driftsfasen for Austdøla kraftverk – nedre alternativ

	Totalt verdigrunnlag	Forventa eigedomsskatt
Alternativ 1	89 200 000	624 113

Alle tal i kroner

Austdøla øvre

Øvre alternativ for Austdøla kraftverk er planlagd med ein installert effekt på 5 MW, som gjev ei merkeyting under 10 000 kVa. Det skal difor svarast eigedomsskatt av kraftverket sin skattemessige verdi per 1. januar i likningsåret. Verdien vert bestemt som investering i fysisk produksjonskapital, består av direkte utbyggingskostnader på 48,2 millionar kroner, i tillegg til Austdøla øvre sin del av hvelvedammen ved Austdølavatn.

Tabell 15 Austdøla øvre kraftverk sin del av verdigrunnlaget av hvelvedammen ved Austdølavatn

Austdøla sin del av produksjonen	Kostnad - hvelvedam	Verdigrunnlag hvelvedam (Viermyr)
----------------------------------	---------------------	-----------------------------------

Alternativ 2	84,2%	9 200 000	7 746 400
---------------------	-------	-----------	-----------

Alle tal i kroner

Frå og med andre produksjonsår er øvre alternativ for Austdøla kraftverk forventa å svara slik eigedomsskatt:

Tabell 16 Eigedomsskatt i driftsfasen for Austdøla kraftverk – øvre alternativ

	Totalt verdigrunnlag	Forventa eigedomsskatt
Alternativ 2	55 946 400	391 624

Alle tal i kroner

Total eigedomsskatt

Tabell 17 Totalt forventa eigedomsskatt for begge alternativ i anleggsperioden

Anleggsperioden	Byggeår 1 (6 månader)	Byggeår 2	Driftsår 1
Alternativ 1	0	290 829	881 300
Alternativ 2	0	177 870	539 000

Tabell 18 Totalt forventa eigedomsskatt for begge alternativ i driftsperioden

Driftsperioden	Viermyr		Austdøla		Total
	Hvelvedam	Kraftverk og linjer	Hvelvedam	Kraftverk og linjer	
Alternativ 1	10 175	194 600	-	624 113	829 213
Alternativ 2	16744	194 600	54 225	337 399	603 024

Alle tal i kroner

6.3.2. Naturressursskatt

Det skal svarast naturressursskatt for kraftverk som har generatorytelse på minst 5500 kVA. Dette tilsvarar rundt 5 MW.

Tabell 19 Installert effekt for dei ulike alternativa

	Installert effekt
Viermyr	1.8 MW
Austdøla øvre	5 MW
Austdøla nedre	10.5 MW

Av tabell 8 ser ein at det berre skal svarast naturressursskatt for Austdøla kraftverk. Skatten vert for tida avrekna med satsen 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen. Etter *Lov om skatt av formue og inntekt*, skattelovens §18-2 (1) skal naturressursskatten delast mellom kommunane etter del av kraftanleggsformuen. I dette tilfellet tilfell difor heile provenyen Ulvik herad.

Grunnlaget for utrekning av naturressursskatten er gjennomsnittleg årsproduksjon dei siste sju år, inkludert inntektsåret. Ettersom kraftverka ikkje er i produksjon vert det her tatt utgangspunkt i anslått midlare årsproduksjon:

Tabell 20 Forventa midlare årsproduksjon for Austdøla kraftverk under dei to alternativa


Midlare årsproduksjon	
Austdøla nedre	32,9 GWh

Avgifta skal fasast inn over sju år, slik at den utgjer 1/7 av kraftproduksjonen det første året, 2/7 det andre året osv.

Naturressursskatten inngår i inntektsutjamningssystemet mellom kommunane. Kommunar med høgare skatteinngang per innbyggjar enn landsgjennomsnittet vert trekt 55 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med høgare skatteinngang enn 110 prosent av landsgjennomsnittet må i tillegg betala inn innbetaling 90 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og 110% av landsgjennomsnittet.

Ulvik herad hadde i 2011 ein skatteinngang på 117 prosent av landsgjennomsnittet, som i praksis betyr at kommunen beheld 10 prosent av kvar marginal skattekrone. Dermed vert den faktiske inntekta for Ulvik herad frå naturressursskatten for dei to alternativa som går fram av figur 2 og 3. Den relevante storleiken for Ulvik sin kommuneøkonomi vil vera netto naturressursskatt som tar omsyn til effektane på inntektsutjamningssystemet.

Figur 1 Brutto og netto naturressursskatt for Austdøla nedre



Alle tal i kroner

6.3.3. Konesjonskraft**6.3.4. Konesjonsavgift**

Merknad [i1]: Kjem

6.3.5. Sum kommuneinntekter

Tabell 21 Netto auke i skatteinntekter til Ulvik herad (2012-kroner) for alternativ 1

	Byggeår 1	Byggeår 2	Driftsår 1	Driftsår 2	Driftsår 3	Driftsår 4	Driftsår 5	Driftsår 6	Driftsår 7 og vidare
Eigedomsskatt									
Konesjonskraft									
Konesjonsavgift									
Netto naturressursskatt									
SUM									

Tabell 22 Netto auke i skatteinntekter til Ulvik herad (2012-kroner) for alternativ 1

	Byggeår 1	Byggeår 2	Driftsår 1	Driftsår 2	Driftsår 3	Driftsår 4	Driftsår 5	Driftsår 6	Driftsår 7 og vidare
Eigedomsskatt									
Konesjonskraft									
Konesjonsavgift									
Netto naturressursskatt									
SUM									

Tabell 12 viser effekten på Ulvik herad sine direkte inntekter samanlikna med 0- alternativet. Alle verdiar er gjeve i 2012-kroner. Det er berre naturressursskatten som vil endra grunnlaget for statlege overføringar, og denne verdien er difor gjeve som netto gevinst for Ulvik herad.

Auken i kommunale inntekter i anleggsperioden utgjør **XX** prosent av heradet sine driftsutgifter for 2011, medan det same talet frå og med 7. driftsår er **XX** prosent.

Konsekvensane for kommuneøkonomien vert difor karakterisert som **middels positiv (++)** i **anleggsfasen** og **middels positiv (++)** i **driftsfasen**.

6.4.Samla konsekvensvurdering

Tabell 17 oppsummerar konsekvensvurderingane som er gjort over.

Tabell 23 Samla vurdering

	Anleggsfasen	Driftsfasen
Næringsliv og sysselsetting		
Kommuneøkonomi		

6.5.Avbøtande tiltak

Det er ikkje føreslått avbøtande tiltak.

6.6.Vidare undersøkingar

Det er ikkje føreslått vidare undersøkingar.



Statkraft
REN ENERGI